

Nydeleg vegutviding på Haugland.

21.12.2014



Flott og godt arbeid av Stian Haugland.

Nyleg har det vore gjort eit utvidingsarbeid på vegen på Haugland som er særers vellukka. Det er den trange strekkja mellom Pålaturnet og Arne Johs. Haugland sin eigedom i øvste del av vegen på Døsslandssio som har vorte utbetra. Dette var det absolutt behov for då den gamle muren var i ferd med å rasa ut. I tillegg har det hendt, ved fleire høve, at store køyretøy har køyrt seg fast.

Det er ikkje store inngrepet som er gjort, men resultatet er at oversikten og framkomsten på plassen, er blitt mykje betre. Deler av den gamle muren er tatt ned, det er grave litt ut og så er same steinen lagt opp som ny mur. Arbeidet som er gjort er eit meisterverk då den nye muren fell så godt saman med den gamle delen.

Det er Stian Haugland i Haugland Maskin som er meister for dette gode arbeidet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland